

# VAKSDAL NÆRINGSSELSKAP AS

## ÅRSMELDING 2018

Næringssekskapet har drive si verksemd i samsvar med formålet som vart lagt til grunn ved etablering i 1997. Selskapet skal drivast på ein ikkje kommersiell basis.

### Aksjonærar

Selskapet sin aksjekapital kr 891.000.- fullt innbetalt. Det er i alt 24 aksjonærar i selskapet, inkl. Vaksdal Næringssekskap AS, som har overteke 27 av 891 aksjar frå tidlegare aksjonærar. Det er ikkje utsteda aksjebrev til aksjonærane, men selskapet har oppretta aksjonærprotokoll som syner aksjefordelinga.

I følgje vedtektene skal Vaksdal kommune eige minst 51 % av aksjane.

Aksjane i selskapet er slik fordelt:

|                           |           |        |
|---------------------------|-----------|--------|
| Vaksdal kommune           | 602.000.- | 67,55% |
| Dale Fabrikker AS         | 60.000.-  | 6,75%  |
| Dale of Norway AS         | 60.000.-  | 6,75%  |
| Øvrige bedrifter          | 111.000.- | 12,5%  |
| Organisasjonar            | 31.000.-  | 3,45%  |
| Vaksdal Næringssekskap AS | 27.000.-  | 3,0%   |

### Styret:

Selskapets styre har 7 medlemmar med personlege varamedlemar. I følgje vedtektene har Vaksdal kommune rett til at tre styremedlemar med personlege varamenn skal veljast som representantar frå kommunen.

Generalforsamling for 2017 vart avhalde 18.06.2018. Etter ordinær generalforsamling og konstituering i styremøte 29.08.2018 har styret vore slik samansett, med personlege varamedlemar:

|             |                      |                          |
|-------------|----------------------|--------------------------|
| Styreleiar  | Geir Hanevik         | Rune Sæterdal            |
| Nestleiar   | Bjørn Roald          | Karin Groth              |
| Styremedlem | Brita Hesjedal Lunde | Frode Dyvik              |
| Styremedlem | Magne Hestad         | Terje Davidsen           |
| Styremedlem | Roger Arnesen        | Eli Leiren               |
| Styremedlem | Jan Hansen           | Karin Nordheim Flatekval |
| Styremedlem | Grete Langeland      | Arild Stamnes            |

Det er oppretthalde eit godt samarbeid med Hordaland Fylkeskommune, Innovasjon Norge regionalt, Fylkesmannen i Hordaland v/landbruksavdelinga og Invest in Bergen. Ordførar Eirik Haga har vore observatør i styret frå Vaksdal kommune, og varaordførar Sigmund Simmenes har stilt når ordførar ikkje har kunne.

Styret har i 2018 halde 7 møter og handsama 33 saker. 2018 var året for datasenter og Elvahuaset. Avtalen med Vossaløysinga A/S gjekk ut i 2017.

Styret og administrasjon gjennomførte styreseminar 18.10.2018 og på Hotell Terminus. Tema var næring- og bustadutvikling med dagleg leiar Ove Håland frå Arkoconsult AS, fylkesdirektør Bård Sandal m.fl.

I årsrekneskapen er det sett av kr. 126.000.- til styrehonorar for 2018.

**Likestilling:**

Selskapet har 1 tilsett.

Styret består av 5 menn og 2 kvinner. Leiinga og styret meiner at den faktiske tilstanden når det gjeld likestilling er tilfredsstillande.

**Revisjon:**

Selskapet sin revisor er RMS.

Det er i 2018 utbetalt kr 23.750,- som godtgjersle for revisjonshonorar.

**Driftsresultat 2018**

Selskapet sine oppgåver og forvaltning av midlar kjem til uttrykk i årsrekneskapen.

Styret har fått orientering om utvikling / framdrift / utbetaling av tilskot til eksterne prosjekt og kostnader for interne prosjekt. Prosjekt som har fått tilsegn om stønad, men som ikkje er gjennomført, er kansellert innan gjevne fristar. Ved avslutning av prosjekt / tiltak er overskytande midlar tilbakeført fond.

Det er ført rekneskap over kostnader for prosjekt, som vert gjennomført i regi av næringselskapet. Desse kostnadane inngår i den totale rekneskapen for selskapet. Det som var spesielt for 2018 var at det nesten ikkje vart delt ut næringsmidlar, utan at det var færre næringsetableringar av den grunn. I seks av sju aksjeselskap var VNS direkte eller indirekte involvera i etableringa. Dette gjorde at underskotet til VNS var lågt, utan at me var spesielt glade for det.

Selskapet sin totale rekneskap viser eit underskot på kr. 361.210.-.

Styret rår til at underskotet, kr. 361.210.- vert dekkja slik:

Overført frå annan eigenkapital kr. 361.210.-.

**Administrasjon:**

Vidar Skeie har fungert i stillinga som dagleg leiar.

Lønnskostnader til dagleg leiing har i 2018 vore kr. 581.797.-inkl. feriegodtgjersle.

Selskapet er lokalisert i Dale sentrum, i Coop Hordaland sitt bygg.  
Kontorlokale og andre tilhøve tilfredsstiller krav til fysisk arbeidsmiljø.

Sjukefråvær 2018: 5 arbeidsdagar.

Verksemda driv med næringsutviklingsarbeid i Vaksdal kommune, og forureinar ikkje det ytre miljø.

Dale den 22. mai 2019

I styret for Vaksdal Næringssselskap AS

Geir Hanevik  
Styreleiar

Bjørn Roald  
Nestleiar

Roger Arnesen  
Styremedlem

Magne Hestad  
Styremedlem

Grete Langeland  
Styremedlem

Jan Hansen  
Styremedlem

Brita Hesjedal Lunde  
Styremedlem